

Rammedokument for satsingsområdet Globalt samlingsansvar

30. mars 2020

Innhald

Innleiing / Status	1
Samanfatning	2
Bruk av samlingane, strategi 2030	2
Digital formidling og samarbeid	2
Politikk og retningslinjer for spørsmål om eigendomsrett til gjenstandar og samlingar	2
Arbeid mot kulturkriminalitet	3
Utdjuping	3
Etnografi på museum – status, rolle og utvikling	3
«Avkolonisering» av musea og eigendomsrett til gjenstandar og samlingar	4
Nettportalar	5
Kulturkriminalitet	6
Mål, tiltak, resultat mm 2020–2025	7
Vedlegg:	8

Innleiing / Status

Satsingsområdet Globalt samlingsansvar skal bidra til å utvikle Kulturhistorisk museums faglege profil og arbeidsområde. Det skal medverke til å gjere museets etnografiske og internasjonale samlingar (inkludert antikk- og myntsamlinga) meir kjende og meir relevante for fleire. Det skal legge grunnlag for meir bruk av samlingane, betre dokumentasjon av dei og auka kunnskap om dei. Satsingsområdet skal også på andre måtar utvikle museets relevans og samfunnsrolle, t.d. gjennom ein styrka innsats mot kulturkriminalitet.

Satsingsområdet har vore under utvikling i fleire år og er tilrettelagt for i Strategi 2020: «Samlingene er plattform for et globalt samfunnsengasjement som berører kulturarv, identitet, selvforståelse og flerkultur. Museets samlinger rører ved identitet og selvforståelse i dagens samfunn, men viser også historiens og kulturenes mange alternativer til dagens samfunnsliv. Framtidens utfordringer skal kunne tenkes gjennom kulturhistoriens muligheter.» Som forvaltar av kulturarv frå heile verda, har museet eit ansvar for å gjere innhaldet i samlingane kjend og globalt tilgjengeleg, og for å kome ulike interessantar i møte. Slik det er nå, er tilgangen og kjennskapen til samlingane svært ulike. Nokre samlingar er godt dokumentert og informasjon er lett tilgjengeleg. Medan andre samlingar er dårlegare dokumentert, lite kjend, og i liten grad tilgjengeleg eller aktivt formidla. Det er eit generelt behov for kontroll og kvalitetssikring av oppføringane i samlingsdatabasen, samstundes som omverdas tilgang gjennom unimus.no på ulike måtar er avgrensa, t.d. gjennom at språket er norsk.

Satsingsområdet kan sjåast i samanheng med dei siste tiåras store interesse for dei etnografiske museas status og rolle. Denne typen museum har stått i sentrum for heilt sentrale museumsfaglege og -politiske diskusjonar i denne perioden, mellom anna om «avkolonisering» av musea og om eigendomsrett til kulturarvsmateriale frå tidlegare koloniar og frå urfolk.

Innanfor satsingsområdet har det så langt blitt etablert nettportalar for tilgjengeleggjering av utvalde samlingar. Portalane (med tekst på fleire språk) er utvikla i samarbeid med kontakatar på opphavsstad og i opphavssamfunn. Så langt er det etablert ein portal for samlinga frå Netsilik-folket i Canada (Roald Amundsen-samlinga) (2017) og ein for samlinga av etnografisk materiale frå Santal Paraganas i delstaten Jharkhand i India (mars 2020).

Også andre tiltak og aktivitetar har vore knytt til satsingsområdet, t.d. arbeid med utstillingar, digitalisering av foto, utvikling av tiltak mot kulturkriminalitet mm.

Samanfatning

Bruk av samlingane, strategi 2030

Museets nye strategi for perioden 2020–2030 vil leggje grunnlaget for den vidare utviklinga av museet. Synet på, og bruken av, dei etnografiske og dei internasjonale samlingane vil stå sentralt i den samanhengen.

Samlingane har blitt bygd opp på ulike måtar, ut frå ulike mål og over tid. Samlingar har kome til museet som gåver frå oppdagarar, sjøfolk, diplomatar, misjonærar og andre. Andre samlingar har blitt bygd opp gjennom kjøp, byttehandel eller innsamling t.d. av museets fagfolk på feltarbeid. I den komande strategiperioden vil det vere aktuelt å vurdere og utvikle bruken av dei etnografiske og internasjonale samlingane. Samlingane inneheld materiale som viser korleis folk har levd og tenkt, og lever og tenkjer, i ulike delar av verda. Forstått på denne måten kan samlingane danne utgangspunkt for mange typar bruk og samarbeid, til dømes med opphavssamfunn og med ulike typar institusjonar og organisasjonar. Samlingane kan danne utgangspunkt for forskning, forskningssamarbeid og for samarbeid med andre museum (t.d. om delte samlingar). Samlingane kan utnyttast for å tematisere kultur mangfald i Norge. Samlingane kan også nyttast som kjelder til innsamlarane og deira aktivitetar og røyndomsforståingar. Dei kan vidare nyttast som kjelder til vitenskapshistorie og institusjonshistorie.

Digital formidling og samarbeid

Museets samlingar og arkiv skal vere ordna og tilgjengeleg – i magasin, gjennom databasane og på nett, for omverda. Museet arbeider for å leggje til rette for dette gjennom dagleg samlingsrøkt og gjennom særskilte prosjekt og satsingar knytt til t.d. flytting, forskning, utstillingar, dokumentasjon og konservering og andre typar gjennomgang av arkivmateriale og samlingar. Aktivitetar innanfor satsingsområdet Globalt samlingsansvar byggjer på heile breidda av dette arbeidet.

Det blir lagt opp til å vidareføre arbeidet med nettportalar for tilgjengeleggjering av samlingar i samarbeid med folk, forskarar, kulturarvsinstitusjonar og (andre) aktørar i opphavssamfunn / på opphavsstader. Det vil måtte setjast av ressursar m.a. til samarbeidstiltak (møter, reiser mv.), språkomsetjing og vidare kvalitetssikring av samlingar og databasar. Det vil bli utarbeida ein særskilt plan der det m.a. er gjort greie for innretning og organisering av arbeidet og for utval av samlingar.

Politikk og retningsliner for spørsmål om eigendomsrett til gjenstandar og samlingar

Museet skal utforme ein overordna politikk i høve til bruk, tilgang og eigendomsrett til gjenstandar og samlingar frå ulike delar av verda, t.d. frå tidlegare koloniar og urfolk. Museet skal også etablere retningsliner for handtering av konkrete førespurnader og problemstillingar i denne samanhengen. Ved fleire museum i Europa er slike retningsliner utarbeidd, eller i ferd med å bli utarbeidd. Problemstillingane er likeeins reist i ulike samanhengar i Norge i dei siste tiåra. Museet har deltatt i diskusjonar og fått førespurnader om «repatriering» og også overført gjenstandar og samlingar til eksterne partar. Det å utvikla og etablere ein overordna politikk og retningsliner på dette området vil vera eit viktig utkome av aktiviteten innanfor satsingsområdet. Moglegheitene for samarbeid med

dei andre universitetsmusea i denne samanhengen vil bli undersøkt. Eit forslag til politikk og retningslinjer vil bli lagt fram for styret i løpet av 2021

Arbeid mot kulturkriminalitet

Norge har folkerettslige skyldnader til å arbeide mot kulturminnekriminalitet på nasjonalt nivå. FNs berekraftsmål inkluderer sosiale tilhøve, migrasjon og forvaltning i ei heilskapleg forståing av samfunnsutfordringane. Ivaretaking av kulturarv og bekjemping av kulturkriminalitet fell inn under berekraftmåla, og er også inkludert i FNs menneskerettsomgrep. Dette er bakgrunnen for at Regjeringen og Nordisk ministerråd sidan 2015 har prioritert kamp mot kulturkriminalitet. Kulturhistorisk museum har ein sentral nasjonal posisjon innan kulturarvsområdet. Museet er gjennom Kulturminneloven nasjonal vedtaksinstitusjon for utførsel av arkeologiske og etnografiske gjenstandar, forvaltar av lause kulturminne, ekspertrådgivar og sakkunnig for Kulturdepartementet, politi, rettsvesen og tollvesen på kulturkriminalitetsfeltet, og er representert i fleire internasjonale organisasjonar på området.

Kulturkriminalitet får stadig auka aktualitet. Satsinga legg opp til å styrke og utvikle museets arbeid mot kulturkriminalitet, både når det gjeld utvikling av eigen organisasjon og kompetanse, og når det gjeld samarbeid med andre nasjonale aktørar, internasjonale NGO'ar og forskingsnettverk.

Utdjuping

Etnografi på museum – status, rolle og utvikling

I den siste femtiårsperioden har dei etnografiske musea stått i sentrum i debattar om museas oppgåver, samfunnsrolle og -ansvar, ikkje minst i høve til spørsmål om «avkolonisering» og museas ansvar i høve til det.

Mange etnografiske museum har i denne perioden blitt utvikla og endra på ulike måtar. Det har funne stad fagleg fornying, organisasjonsendringar og namneskifte. Det har blitt satsa på ulike måtar og nye museumsbygg har blitt reist. Ei estetisk tilnærming til etnografiske gjenstandar har vore produktiv gjennom fleire tiår i mange utstillingar og museum, ikkje minst i Frankrike. Fleire museum har endra namn og til dels formål. Sverige blei i 2007 fire museum (Etnografiska museet, Medelhavsmuseet og Östasiatiska museet, alle i Stockholm og Göteborgs etnografiska museum) samorganisert som Världskulturmuseerna. Også andre stader har ein vald verdiskultur som namn og tema/formål for tidlegare etnografiske museum og andre museum med samlingar frå ulike delar av verda. I Paris blei eit nytt, stort museum, Musée du quai Branly, opna i 2006. Museet overtok samlingar frå Musée de l'Homme og Musée national des Arts d'Afrique et d'Océanie. Prosessen med å bestemme namn på det nye museet, var ikkje så enkel. Det fekk namn etter adressa, og etter kvart også presidenten som initierte det, Jacques Chirac, og altså ikkje etter kva det var museum for. I Helsingfors i Finland har det tidlegare Kulturernas museum og dei etnografiske samlingane blitt integrert i Nasjonalmuseet. Då det nye museumsbygget ved Moesgaard museum i Århus i Danmark opna i 2014, fekk etnografiske utstillingar for første gong fast plass i museet. I 2020 opnar etter planen det nye store museet Humboldt forum i Berlin, i det rekonstruerte slottet midt i byen. Museet skal mellom anna overta samlingane av ikkje-europeisk kunst og etnografika frå Det etnologiske museet og frå Museet for asiatisk kunst.

Døma ovanfor peiker på ulike måtar å tenke rundt formål, organisering, samfunnsansvar og vidare utvikling av dei etnografiske samlinganes status og bruk.

Kulturhistorisk museums etnografiske samlingar blei på 1800-talet og fram til midten av 1900-talet bygd opp ut frå eit mål om at dei skulle vere representative for folk og kultur ulike område og regionar. Gjenstandane og samlingane blei sett på som uttrykk for levesett og kultur hos ulike folk og

folkegrupper. Gjennom det blei det også lagt grunnlag for komparasjon mellom folk og stader og for undersøkingar av utvikling over tid (ved nyinnsamling mv). Slik kan ein også utnytte samlingane i dag. Samlingane kan vidare nyttast som kjelder til innsamlarar, givarar og forhandlarar. Samlingane syner også kontakt mellom folk, institusjonar og organisasjonar i Norge og resten av verda. Dei har blitt bygd opp gjennom handel, sjøfart, misjonsverksemd, utforsking osv. Vidare kan ein nytte samlingane som kjelder til museet som institusjon og til museets tilsette. Samlingane er likeeins kjelder til fag- og vitskapshistorie.

I den neste strategiperioden vil det bli lagt til dette for vidare utvikling og bruk av samlingane. Aktuelle tilnærmingar kan t.d. vere å arbeide vidare med samlingane:

- som representative og relevante for opphavssamfunn og -stader, som kulturarv og kjelder til folks historie, liv og levesett, som utgangspunkt for samarbeid med ulike aktørar i opphavssamfunn.
- som kjelder til innsamlarane, innsamlingskonteksten, museets historie og fag- og vitskapshistorie i brei forstand
- som grunnlag for å utvikle Kulturhistorisk museum som eit museum for kulturmangfald, og for betre å forstå Norge i verda og verda i Norge, for å nå ut til eit breiare publikum, i Norge og internasjonalt

«Avkolonisering» av musea og eigendomsrett til gjenstandar og samlingar

Legitimiteten og eigendomsretten til vestlege museums samlingar frå urfolk, tidlegare koloniar og andre delar av verda har gjennom fleire tiår vore eit heilt sentralt museumspolitisk stridstema. Det har blitt stilt spørsmål ved statusen til samlingar innsamla i ei tid og under samfunnstilhøve prega av kolonialisme og rasisme, og om ikkje vestlege museum bør «gi tilbake» kulturarvsmateriale innsamla under slike vilkår, ikkje minst til folk som manglar tilgang til historisk kulturarvsmateriale?

Spørsmål om overføring av eigendomsrett kan vurderast ut frå kven som ber om tilbakeføring, om det er urfolk eller ikkje, kva for institusjonar desse representerer og elles ut frå betydning og konsekvensar av å overføre gjenstandar for symbolsk bruk blant (identitets-) politiske grupperingar. Den internasjonale museumsorganisasjonen ICOM har sidan 1986 hatt eigne retningslinjer for handsaming av denne typen problemstillingar. Samlingar frå urfolk og av menneskelege leivningar har stått i sentrum for merksemda i denne samanhengen. I USA har loven om tilbakeføring av menneskelege leivningar og rituelle objekt frå 1990 (the Native American Grave Protection and Repatriation Act) lagt grunnlag for praksisen innanfor dette området og for overføring av human- og kulturarvsmateriale til etterkomarar og opphavssamfunn.

Innanfor den internasjonale debatten elles finn ein, på den eine ytterkanten, synspunktet om at vestlege museum bør gje frå seg store samlingar, på den andre, ikkje å overføre eigendomsrett i det heile tatt. Det førstnemnde synet blei lagt til grunn i rapporten *The Restitution of African Cultural Heritage. Toward a New Relational Ethics* (2018) av Felwine Sarr og Bénédicte Savoy. Rapporten, som blei skriven i etterkant av eit utspel frå den franske presidenten, Emmanuel Macron, peikar på at for fleire land sør for Sahara er situasjonen den at så å seie alt historisk kulturarvsmateriale er å finne i europeiske museum. Med utgangspunkt i dette føreslår forfatarane ei omfattande overføring av gjenstandar frå offentlege franske museum. Det andre synet har dominert i Tyskland der ein har vore oppteken av å utforske og skilje på gjenstandars og samlingars proveniens (opphav og innsamlingshistorie). Det nye museet Humboldt forum, jf. ovanfor, har mellom anna blitt kritisert for at det vil kome til å bidra til å oppretthalde gamaldagse forståingar t.d. av Tyskland som kolonimakt, og likeeins bidra til å eksotisere andre folk og stader. Til forsvar har dei ansvarlege for det nye museet framheva at utstillingane vil bryte med tradisjonelle utstillingsforteljingar og vil bli utvikla i samarbeid med medkuratorar frå opphavsland, at museet vil satse på digital tilgjengeleggjing, etablere ein generøs utlånspraksis og leggje til rette for forskning på proveniens.

Liknande problemstillingar har vore aktuelle for Kulturhistorisk museum i fleire samanhengar. Av saker som gjeld gjenstandar/samlingar frå andre land kan nemnast at i 1997 blei ei samling arkeologisk materiale frå Nordaustgrønland (om lag 900 objekt innsamla av Søren Richters gjennom arkeologiske utgravingar 1929–31) på Kulturhistorisk museums initiativ overført til Nasjonalmuseet på Grønland, jf. <https://www.apollon.uio.no/artikler/1997/gronland.html>. I 2013 blei 16 gjenstandar overført til Nattilik Heritage Centre i Gjøahamn i Canada. Initiativet til dette kom frå Kulturhistorisk museum og var ein del av eit samarbeid om museets samling av gjenstandar frå dette området (jf. omtalen av Gjøahamn-portalen nedanfor). Det har også vore tilfelle der einskildobjekt har blitt overført til museum i andre land, t.d. blei i 2011 ein maori-hovudskalle, som museet hadde hatt sidan 1930-åra, overført (saman med ein annan frå Medisinsk fakultet) til The Museum of New Zealand. Initiativet til dette kom frå New Zealand. Museet har i dei seinare åra blitt kontakta / vore i kontakt med representantar frå ulike urfolk om overføring av gjenstandar.

Spørsmål om eigendomsrett til gjenstandar og samlingar har også blitt tatt opp innanfor Norges grenser. Viktigast å nemne er Bååstede-prosjektet, som blei etablert i 2012. I 2019 blei ei endeleg avtale inngått om overføring av noko over 1600 samiske gjenstandar frå Norsk Folkemuseum og Kulturhistorisk museum til samiske museum i Norge. Om lag like mange gjenstandar skal bli verande i Oslo og bli formidla der.

Elles kan t.d. nemnast at det i kring år 2000 var ein offentleg diskusjon om vising og overføring av mellomaldermateriale frå norske kyrkjer (kyrkjekunst) frå musea tilbake til kyrkjene. Spørsmålet blei handsama i rapporten *Utlån og avhending av materiale fra museenes samlinger*, NMU 5:2000. Museet har vidare møtt, og møter, spørsmål om tilgang, vising og eigendomsrett til arkeologisk materiale frå ulike delar av landet.

Kulturhistorisk museum er eit, etter europeisk målestokk, innanfor sitt område relativt lite museum. Samlingane er av ulike karakter, innsamla på ulike måtar og over eit lengre tidsrom. Norges koloniale historie, for å bruke ei slik formulering, er på nokon måtar lik, eller liknande, andre lands, og på andre måtar annleis. Samanlikna med dei store europeisk musea i dei tidlegare store kolonimaktene, har museum som Kulturhistorisk museum, moglegheiter og «fridomar» som dei store musea ikkje har. I det vidare arbeidet med satsingsområdet Globalt samlingsansvar, og med utviklinga av desse områda innanfor Kulturhistorisk museums tematiske breidde, er det eit mål å finna måtar å arbeide på som tek utgangspunkt i og utnyttar museets spesielle føresetnader og moglegheiter.

Nettportalar

Arbeidet med å utvikle ein nettportal for tilgjengeleggjering og samarbeid om samlinga av gjenstandar frå Netsilik-folket (innsamla av Roald Amundsen i 1903–1905 under nordvestpassasje-ekspedisjonen) tok til i 2013 i samarbeid med folk i Gjøahamn i Nunavut i Nordaust-Canada. Eit viktig grunnlag for samarbeidet blei lagt gjennom tilbakeføring av 16 gjenstandar til kultursenteret (Nattilik Heritage Centre) i Gjøahamn. Den sentrale ideen med nettportalen var å gjere informasjon om samlinga tilgjengeleg på relevante språk og presentere gjenstandane saman med historisk og nåtidig kontekstmateriale. Gjøahamn-portalen (www.khm.uio.no/gjoahaven/) blei lansert i 2017 og er utvikla i samarbeid med Gjøahamn-samfunnet og kultursenteret der. Prosjektet er framleis pågåande, mellom anna om dokumentasjon av gjenstandar i samlinga.

Ein liknande portal for museets santal-samling er ferdigstilt nå i første kvartal 2020. Grunnlaget for denne portalen blei lagt gjennom symposiet «Paul Olav Bodding and The Making of a Scandinavian-Santal Legacy» hausten 2015. Symposiet var eit samarbeid mellom museet, Nasjonalbiblioteket og Universitetet i Tromsø. Det framkom då eit ønskje om å gjere denne samlinga betre kjend og

tilgjengeleg, ikkje minst for organisasjonar og enkeltpersonar i India: Det blei etablert kontaktar med santalske organisasjonar, som har vore med i arbeidet. Arbeidet med portalen har omfatta kvalitetssikring av dokumentasjon (tekst, foto mm), språkomsetjing (til engelsk og to santalspråk) samt arbeid med innføring i databasen og teknisk assistanse til tilgjengeleggjing.

I professor emeritus Tom Svenssons artikkel «On Craft and Art: Some Thoughts on Repatriation and Collecting Policy - the Case of Collections at the Museum of Cultural History, University of Oslo» (2015) er det gjort greie for bakgrunn for (og røynslar med) samarbeid med opphavssamfunn.

Som grunnlag for det vidare arbeidet med nettportalar, og ev anna digital formidling av samlingar og arkivmateriale, vil det bli utarbeidd ein plan der det m.a. blir gjort greie for mål, utval av samlingar, organisering av arbeidet, ressursbruk mv. Planen vil bli forankra i museets strategi 2020–2030.

Kulturkriminalitet

Satsingsområdet Globalt samlingsansvar omfattar også kulturarv og «samlingar» utanfor museets eige. Dette gjeld kulturminne som inngår i konflikter og krigshandlingar. Det gjeld også ulovleg omsetning av kulturarvsmateriale.

Opp gjennom historia har kulturgjenstandar og kulturarv blitt øydelagt eller fjerna frå opphavsstader og -samfunn. Territorial erobring, kolonisering og innsamling til museum var lenge viktige grunnar til dette. I dag er andre drivkrefter viktige: Krigs- og konfliktområde blir i aukande grad systematisk tømte for gjenstandar. Etterspurnaden og tilbodet av provenienslause gjenstandar er aukande på den private samlarmarknaden. Det skjer ei «nykolonisering» av kulturarv, driven av samlarmarknaden, økonomisk profitt og finansiering av terrorgrupper. Kulturarv blei aktivt utnytta i krigane på Balkan på 1990-talet, av Taliban i Afghanistan, Ansar-Dine i Mali, ISIL i Syria og under krigane i Yemen. Kultur og kulturarv er underliggjande i ulike religiøse konflikter i Myanmar, India og Pakistan. Nyleg trua USAs president Iran med militære angrep mot kulturarvsstader. Ulike tilhøve knytt til globalisering, teknologiutvikling, mobilitet, nye marknader, samt ustabile regionar, er med på å gjere ulovleg handel med kulturminne enklare å gjennomføre og vanskelegere å oppdage. Numismatisk materiale står sentralt når det gjeld plyndring i konfliktområde, handel med provenienslause gjenstandar og i ulovleg metalsøkarverksemd. Ein auke i omfanget av lovleg og ulovleg metalsøking har ført til auke i talet på kulturgjenstandar på samlarmarknaden. Denne utviklinga inneber at museas rolle knytt til vern av kulturarv i konfliktområde og arbeid mot «trafficking» av ulovlege kulturgjenstandar blir stadig viktigare.

Forvaltning av kulturarv og kamp mot kulturkriminalitet høyrer inn under FNs berekraftmål (Agenda 2030, kapittel 16), og er også inkludert i FNs menneskerettsomgrep. Norge er forplikta etter internasjonale konvensjonar og nasjonalt lovverk til å motverke øydelegging av kulturarv i konfliktområde og til å hindre ulovleg handel med kulturgjenstandar. Ei rad UNESCO-konvensjonar er integrert i norsk lovverk.¹ Vedtak og resolusjonar i FNs tryggingråd og FNs generalforsamling er også forpliktande.² Det same gjeld Europarådets konvensjonar.³ Likeeins er EUs vedtak på området

¹ Convention for the Protection of Cultural Property in the Event of Armed Conflict of 1954, Convention on the Means of Prohibiting and Preventing the Illicit Import, Export and Transfer of Ownership of Cultural Property of 1970, Convention on Stolen or Illegally Exported Cultural Objects of 1995, Convention on the Protection of the Underwater Cultural Heritage of 2001, Declaration concerning the Intentional Destruction of Cultural Heritage of 2003.

² bl.a. Tryggingrådetets resolusjon 1483 (2003), 2199 (2015) og resolusjon 2347 (2017) og Generalforsamlingas resolusjon 66/180, 30.3.2012.

³ European Convention on the Protection of the Archaeological Heritage (1969, rev. 1992), European Convention on Offences relating to Cultural Property (1985, men ikkje effektuert, erstatta av "Nicosia-konvensjonen", open for signering frå 2017.

styrande for Norge.⁴ Det nasjonale lovverket på området omfattar Lov om kulturminner (1978-06-09 nr 50), Forskrift 1. januar 2007 nr. 1 om utførsel og innførsel av kulturgjenstander, Forskrift 4. oktober 2001 nr. 1179 om tilbakelevering av stjålne og ulovlig utførte kulturgjenstander, Ratifisering av UNESCO 1970 (2007) og Ratifisering av UNIDROIT 1995 (2001).

Som forvaltar av arkeologiske og etnografiske samlingar frå heile verda, som nasjonal vedtaksinstitusjon for utførsel av kulturgjenstandar, som forvaltar av lause kulturminne frå ti fylke, som sakkunnig ved beslag og repatriering av gjenstandar og i straffesaker og som ekspertrådgivar for departement, toll og politi har Kulturhistorisk museum fleire forpliktingar på området. Dei institusjonelle forpliktingane kan knytast til Agenda 2030/FNs berekraftsmål, som Universitetet har slutta seg til, og også til museets rolle som sakkunnig og sakshandsamar i kulturkrimsaker. Dei etiske forpliktingane kan knytast til ICOMs etiske regelverk og at ICOM i 2019 har slutta seg til FNs berekraftsmål (resolusjon 1 frå generalkonferanse i Kyoto 2019: https://icom.museum/wp-content/uploads/2019/09/Resolutions_2019_EN.pdf).⁵

Både nasjonalt og overnasjonalt er arbeidet mot kulturminnekriminalitet delt mellom fleire instansar. I Norge har Økokrim det sentrale strafferettslige ansvaret. Samstundes er Økokrim avhengig av ei rad andre sektorar og yrkesgrupper, m.a. tollarar, politi, fylkeskommunale og kommunale kontrollorgan og tenestemenn. Innanfor forskinga på området blir det m.a. sett fokus på ny teknologi (bl.a. kjøp og sal på sosiale medium), lovgiving, globale trendar, mangel på kompetanse og sektorovergripande koordinering, og på omsetjing, tilbod og etterspurnad på samlarmarknadene.

Mål, tiltak, resultat mm 2020–2025

Mål

- Bidra til å utvikle Kulturhistorisk museum profil i tilknytning til dei etnografiske og internasjonale samlingane i tråd med strategi 2030.
- Bidra til gjere ulike samlingar meir tilgjengelege, kjende og relevante for besøkande, forskarar og andre museum og for folk, folkegrupper, organisasjonar og institusjonar knytt til opphavssamfunn og -stader. Bidra til å auka interessa for, og bruk av, samlingane
- Bidra til å styrke, utvikle og integrere museets tre hovudoppgåver: forskning, forvaltning og formidling innanfor temaet.
- Utvikle og arbeide etter ein overordna politikk og retningslinjer for tilgang og eigedomsrett til samlingar frå urfolk, tidlegare koloniar, opphavssamfunn i ulike delar av verda.
- Styrke arbeidet mot kulturkriminalitet ved å auke museets kunnskap og kompetanse og utvikle museets oppgåver og forvaltningsmessige rolle på området.
- Vidareutvikle kunnskap på kulturkriminalitetsfeltet gjennom å etablere nordiske og internasjonale nettverk innan forskning og forvaltning.

Tiltak

- Samarbeide med andre museum for å utvikle Kulturhistorisk museums faglege og tematiske profil med utgangspunkt i samlingane og relevante fagområde i tilknytning til dei.
- Legge grunnlag for vidare utvikling av satsingsområdet gjennom arbeidet med strategi 2030.
- Utarbeide plan for arbeidet med nettportalar.

⁴ Regulation 116/2009 of 12 December 2008 on the Export of Cultural Goods; Directive 2014/60 of 15 May 2014 on the Return of Cultural Objects Unlawfully Removed from the Territory of a Member State; Regulation 2019/880 of 17 April 2019 on the Introduction and the Import of Cultural Goods.

⁵ Ein medarbeidar ved Kulturhistorisk museum leiar Norsk museumsforbunds og Norsk ICOMs ekspertgruppe for ulovleg handel og tilbakeføring av kulturarv gjennom etikkprosjektet «Konkretisering av etiske retningslinjer for norske museer 2019/20». Dette arbeidet skal slutførast og implementerast i løpet av 2020-2021.

- Utvikle og etablere nettportalar og anna formidling/deling av samlingane. Initiere kontakt og samarbeid med andre museum, organisasjonar, opphavssamfunn og -stader.
- Arbeide med gjennomgang og kvalitetssikring av samlingar og databasar.
- Utarbeide overordna politikk og retningslinjer for handsamling av spørsmål om eigarskap og tilgang til internasjonale samlingar
- Gjennomføre kompetanseutviklingstiltak og utarbeide rutinar for arbeidet mot kulturkriminalitet. Implementere ICOM Norge/NMFs konkretisering av det etiske regelverket. Etablere nye rutinar for utførelse av arkeologiske og etnografiske gjenstandar.
- Ta initiativ til forskning og annan kunnskapsproduksjon på kulturkrimområdet ved å vidareutvikle nordisk og internasjonalt nettverk med forskningsinstitusjoner (DniR, HEI-initiativet, CHAC, Københavns Universitet mv.) og NGOar (ICOM, Blue Shield, KUDs nettverksgruppe for kulturkriminalitet mv.). Arrangere seminar og nordisk workshop 2020.

Forventa resultat

- Det har blitt produsert meir kunnskap om samlingane; om innhald, proveniens og relevans.
- Samlingar og databasar er gjennomgått og kvalitetssikra.
- Tilgangen til samlingane er betre, samlingane er meir kjend og blir meir brukt.
- Samlingane blir aktivt formidla.
- Kulturhistorisk museum har fått ein tydelegare utviklar profil som eit museum for kulturmangfald
- Spørsmål om tilgang og eigarskap til museets gjenstandar og samlingar blir handsama ihht museets overordna politikk og retningslinjer og andre føringar og pålegg på området.
- Museet har fått styrka kompetanse om kulturkriminalitet og er ein sentral nasjonal og internasjonal aktør i arbeidet mot kulturkriminalitet.
- ICOMs konkretiserte retningslinjer er implementert. Nye nettbaserte rutinar for utførelsesløyper er etablert på nasjonalt nivå.

Milestolpar

- 1.2020: Nettportal for santal-samlinga er ferdig og tilgjengeleg
- 3.2020: Strategi 2030 legg føringar for vidare utvikling av Kulturhistorisk museum som etnografisk museum og for bruk av samlingane.
- 4.2020: Plan for nettportalar er utarbeidd.
- 4.2020: Nettverk for arbeid med kulturkriminalitet etablert.
- 4.2020: Nordisk workshop på kulturkriminalitet er gjennomført.
- 2.2021: Overordna politikk og retningslinjer for eigarskap, tilgjenge, samarbeid, deling og ev overføring av eigarskap til gjenstandar / delar av samlingar er vedtatt.
- 2.2021: ICOMs konkretiserte retningslinjer er implementert.
- 4.2021: To nye nettportalar blir lansert
- 4.2021: Vidare plan for utvikling av museet som ein nasjonal og internasjonal aktør på området for kulturminnekriminalitet er utarbeidd.
- 4.2021: Nye nettbaserte rutinar for utførelsesløyper er innført og etablert.
- 4.2021: Plan for vidare arbeid med satsingsområdet Globalt samlingsansvar 2022–2025 er utarbeidd.

Vedlegg:

- 1) Presentasjon av dei etnografiske samlingane, antikksamlinga og myntsamlinga